

Vidar Haugland stiller ut i Galleri Oska.

16.03.2016



Det vert mykje fint på utstillinga til Vidar Haugland.

Fredag kl.18 er det klart for ny utstillingsopning på Galleri Oska på Sandakaien her i Uskedalen. Utstillar er Vidar Haugland, vekjend og aktiv bygdemann gjennom 40 år. Vidar har gjennom åra vist at kan bidra på svært mange område, men at han no kjem med kunstutstilling, kjem nok overraskande på mange. Litt overraska er han sjølv og.



[Jervefamilie på Fjellandsbø.](#)

Vidar som flytta hit i 30-årsalderen, er svært glad i Uskedalen og naturen her. Det viser også tydeleg att i bileta hans. Motiva hans er alle henta frå øvre delen av dalen vår, og frå fjellområda på begge sider av dalen. Inspirasjonen er ofte kome frå opplevingar han har hatt, og dyr har ein sentral plass i mange av bileta hans. Gamleskulen på Haugland er også eit sentralt motiv. Den finn vi på 3 av dei 15 teikningane som skal vera med på Oska.

Alle kunstverka tar utgangspunkt i blyanteikningar. Mange er reine blyanteikningar medan nokre har vorte 'sprita' opp med ein farge eller to på deler av teikninga. Eit av bileta har han brukt oljefargar på.

Teikningane har spesielle og sjølvlagde rammer. Dei er ein viktig del av kunstverka. Materialane i dei er henta frå naturen i Uskedalen. Tresortane er frukttre, syrin og brake.

Eg har vore godt kjent med at Vidar Haugland har hatt mangsidige evner. Likevel må eg innrømme eg vart litt overraska då eg oppdaga at han skulle ha utstilling. Derfor var det naturleg å spørja om teikning var noko han hadde drive med alltid, eller om det var pensjonistaktivitet.

- Teikna har eg gjort i alle år for moro skuld, men det har vorte lite tid til det, kunne han fortelja, og det skjønar eg godt, for vi kjenner jo til korleis aktivitetsnivået hans har vore. Som pensjonist har han fått meir tid til denne hobbyen, og alt som vert med på utstillinga, er produsert siste halvåret.

Vidare kunne han fortelja at utstilling hadde vore heilt fjernt for han heilt til Henrik Lyse tende tanken for kort tid sidan. Han var på besøk, fekk sjå teikningane, og meinte absolutt at dette måtte visast fram på Galleri Oska. Roy Lervåg likte det han såg, og dermed er det klart for utstillingsopning fredag kl.18.

-Vi kan vel sei at Henrik Lyse er gudfar til utstillinga, og sidan motiva er smak i frå Uskedalen, må det jo passa inn i konseptet SmakifråOska, avsluttar utstillingsdebutanten Vidar Haugland som siste tida har vore svært så travelt opptatt med å ramma inn teikningane.

Etter å ha sett teikningane, anbefaler eg verkeleg folk å ta turen på opninga. Her vert vår vakre natur presentert på ein flott måte. Roy Lervåg vil syta for både noko godt å bita i og noko godt i glaset.



Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland.

Staseleg leik i oljefargar.